

**Fjord1** 



Utgreiing etter  
Openheitslova

25



## Innholdsliste

<b>Innleing</b> .....	4
<u>Openheitslova</u> .....	5
<b><u>Organisasjon og ansvarsforhold</u></b> .....	5
<u>Organisasjon</u> .....	5
<u>Ansvarsområde og retningslinjer</u> .....	5
<u>Eigne tilsette</u> .....	5
<b><u>Styrande dokument og retningslinjer</u></b> .....	6
<b><u>Informasjon om leverandørkjeda</u></b> .....	8
<b><u>Aktsemdvurdering</u></b> .....	11
<b><u>Metode</u></b> .....	12
<u>Eigenrapporteringsskjema</u> .....	13
<u>Oppfølging og fornya risikovurdering</u> .....	14
<u>Kontinuerleg oppfølging av korrigerende tiltak</u> .....	14
<u>Oppsummering</u> .....	14
<b><u>Tiltak</u></b> .....	16
<b><u>Varslingskanal</u></b> .....	17

Organisasjonsnummer Fjord1: 983 472 583

## Innleiing

Fjord1 er ein leiande aktør i den norske ferjemarknaden og skal tilby reisande ein trygg, påliteleg og miljøvennleg transport. Vi tilbyr ferje- og hurtigbåt tenester langs kysten av Noreg. Fjord1 er oppteken av samfunnsansvar i korleis vi påverkar menneske, miljø og samfunnet rundt oss, der målet er å opptre som ein ansvarleg aktør i vår daglege drift, med relasjonar som er bygd på tillit og truverd.

Vårt samfunnsansvar skal mellom anna spegle selskapet sine kjerneverdier, som sikkerheit for tilsette, kundar og leverandørar. Vi har den største aktiviteten i Noreg og dermed også eit stort ansvar.

Fjord1 har mange leverandørar innan ulike segment av varer og tenester. Det betyr at vi har stor breidde i type leverandørar som leverer til oss, alt frå ulike delar og komponentar til service og vedlikehald på verft. I tillegg kjøper vi reinhaldstenester, leveranse av mat og snacks til kioskar om bord i våre fartøy, samt leveransar til kontordrift på våre lokasjonar i Noreg. I tillegg til våre fartøy eig vi landinfrastruktur med lade-tårn og ein god del av innkjøp er knytt til drift og vedlikehald av desse.

I den samanheng er vi avhengig av at leverandørane har tillit til innkjøpsprosessen og etterlever våre krav. Vi er opptatt av at tilsette i heile leverandørkjeda har eit godt arbeidsmiljø og at helse, miljø og tryggleik har høgste prioritet hos våre leverandørar.



## Openheitslova

Som eit av dei største ferjereiarlaga i Noreg er Fjord1 omfatta av krava i openheitslova. Verksemda er i front innan elektrisk ferjedrift og har eit aktivt fokus på berekraft i anskaffingar knytt til eiga drift. Vi skal samarbeide med leverandørar som tar samfunnsansvar, som frivillig integrerer miljøomsyn og tar sosiale omsyn i heile verdikjeda. I tillegg forpliktar våre rammeavtale leverandørar seg til å følgje gjeldande internasjonale og nasjonale regelverk.

Rapporteringsperioden gjeld rekneskapsåret 2025.

## Organisasjon og ansvarsforhold

### Organisasjon

Kjerneverksemda til Fjord1 er ferjetransport. I 2025 drifta selskapet 44 samband, med 79 fartøy i fem fylke; Vestland, Møre og Romsdal, Rogaland, Trøndelag og Nordland. I 2025 drifta Fjord1 tre av dei største ferjesambanda i Noreg.

Fjord1 AS var operatør med drift av 84 ferjer og hurtigbåtkontraktar i 2025. Administrativt personell er tilsett i F1 Administrasjon og er lokalisert i Florø, Molde og Bergen.

### Ansvarsområde og retningslinjer

Dei administrative og leiande tilsynsorgana i Fjord1 har det overordna ansvaret for å følgje opp Fjord1 si etterleving av Openheitslova, deriblant rutinar, gjennomføring og publisering av aktsemdvurderingar etter lova sine paragrafar 4 og 5. Dei meir spesifikke

ansvarsområda som ligg under Openheitslova vert sikra gjennomført i samråd med økonomidirektør og innkjøpsleiar.

Openheitslova er forankra i selskapet sin berekraftstrategi, samt i retningslinjer og rutinar, som sikrar at ansvar og etterleving av Openheitslova har ei faktisk og operasjonell forankring.

### Eigne tilsette

I Fjord1 har vi høgt fokus på menneska som jobbar i selskapet. Dei skal ha ein trygg arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø.

Fjord1 har ein eigen HMS-handlingsplan med status og tiltak som er tilgjengeleg i vårt styringssystem og denne har alle tilsette tilgang til.

I denne planen ligg det ein integrert proaktiv HMS- og sikkerheitsplan. Tiltak vert gjennomført og følgt opp kontinuerleg. Som reiarlag har vi eit høgt fokus på sikkerheit. Vi skal ivareta både passasjerar og egne tilsette om bord på våre fartøy, og dette har høgste prioritet.

I rapporteringsperioden har selskapet gjennomført ei omorgansering av HR-funksjonen, som ein del av arbeidet med å styrke fagkompetansen, tydeleggjere ansvar og sikre betre oppfølging av tilsette. HR-avdelinga er delt i to separate einingar; HR Konsern og HR Sjø. Inndelinga er gjort for å leggje til rette for auka spesialisering og betre tilpassing til ulike delar av verksemda.

HR Konsern har ansvar for overordna HR-prosessar, mellom anna selskapspolicyar, kompetanseutvikling, arbeidsgjevaransvar og systematisk oppfølging av arbeidsforhold på tvers av organisasjonen. HR Sjø er etablert som ei spesialisert eining retta mot den sjøgåande verksemda, med særleg vekt på bemanningsplanlegging, bruk av vikarar, rekruttering av sjøtilsette og oppfølging av medarbeidarar i maritim drift.

Omorganiseringa bidreg til betre etterleving av Openheitslova ved at ansvar og roller knytt til arbeidsforhold og menneskerettar vert tydlegare plassert. Auka fagleg spesialisering gir betre føresetnader for å identifisere, vurdere og følgje opp risiko knytt til arbeidsvilkår, uføreseieleg bemanning eller mangelfull oppfølging av tilsette. Ei dedikert eining med HR Sjø gir og betre innsikt i særskilde risikoforhold i maritim sektor, der arbeidstid, bemanning og rekruttering kan vere spesielt kritiske.

Vidare legg den nye organiseringa til rette for meir systematisk og tett oppfølging av dei tilsette, noko som styrkar det førebyggjande arbeidet og bidreg til å redusere risikoen for brot på grunnleggade menneskerettar og krav til anstendige arbeidsforhold. Samla sett vurderer vi at omorganiseringa av HR-funksjonen er eit viktig strukturtiltak som styrkar selskapet si evne til å gjennomføre aktsemdsvurderingar i tråd med krava i Openheitslova, og til å sikre ansvarleg og open verksemdsstyring.

Fjord1 tek vare på sine eigne tilsette og har høgt fokus på eiga verksemd. Vi vurderer risikoen for å vere svært låg når det gjeld eiga verksemd.

## Styrande dokument og retningslinjer

Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer (Code of Conduct) er eit av selskapet sine viktigaste styrande dokument. Retningslinjene legg grunnlaget for våre reglar og prosedyrar.

Våre forretningsetiske retningslinjer beskriv vår etiske standard og forventningar. Kulturen i Fjord1 er tufta på god forretningsskikk, ei open og ærleg framferd og respekt for andre menneske.

Vi skal behandle våre leverandørar upartisk og rettferdig. Fjord1 skal ha fokus på etikk, og menneskerettar. Leverandørar som konkurrerer om kontrakt/leveranse med Fjord1 skal alltid ha tillit til selskapet sin integritet i utvalsprosessen. Ved val av leverandør skal alltid Fjord1 sine bedriftsinterne retningslinjer og prosedyrar følgjast. Vi har også eit grunnleggande krav om samfunnsansvar til våre leverandørar. Det betyr frivillig integrering av sosiale omsyn og miljøomsyn i heile verdikjeda. Leverandørane må stadfeste at dei ikkje bryt grunnleggade lovar og reglar knytt til arbeidstakar- og menneskerettar, HMS, er føre-var i miljø saker og motarbeidar alle former for korrupsjon. Krava er forankra gjennom våre forretningsetiske retningslinjer og våre innkjøpsprosedyrar.


I 2016 innførte vi to eigenerklæringar; ein for HMS og ein for samfunnsansvar som alle rammeavtale-leverandørar må signere ved avtaleinngåing.

Dokumenta vert jamleg oppdatert for å synleggjere at Fjord1 har fokus på samfunnsansvar og HMS. Vi stiller krav til våre leverandørar og deira underleverandørar i høve til «Corporate Social Responsibility» (CSR). Samfunnsansvar betyr i denne samanheng at bedrifter frivillig integrerer miljøomsyn og sosiale omsyn i heile verdikjeda. Dokumenta skal signerast av våre avtaleleverandørar.

Våre leverandørar må som nemnt også forplikte seg til å følgje gjeldande internasjonalt og nasjonalt regelverk, som mellom anna FN sine verdserklæring om menneskerettar. Her under gjeld FN sine berekraftsmål og prinsipp basert på FN og ILO konvensjonar, miljøansvar, motarbeide korrupsjon og overhalde Openheitslova sine krav. Leverandørar skal også identifisere risiko for menneskerettsbrot i eiga verksemd og leverandørkjede, og ha ei risikobasert tilnærming til å overhalde menneskerettar i leverandørkjeda.

Modellen har seks steg som skildrar korleis verksemdar kan arbeide for ein meir ansvarleg og berekraftig forretningspraksis. Å vere gode på aktsemdsvurderingar inneber ikkje at ei verksemd ikkje har negativ påverknad på menneske, samfunn og miljø, men at verksemda er open og ærleg om utfordringane, og handterer dei på beste vis i samråd med interessentane sine.





## Informasjon om leverandørkjeda

Fjord1 kjøper årleg varer og tenester frå over 1 500 leverandørar fordelt på 14 innkjøpskategori. Dei aller fleste leverandørane er norske verksemdar som opererer i den norske marknaden. Leverandørporteføljen er brei og omfattar både varer og tenester som er nødvendige for drift og utvikling av verksemda.

Per i dag har Fjord1 ikkje gjennomført ei fullstendig og detaljert kartlegging av leverandørkjedane for alle typar varer og tenester. Ut frå eit risikoperspektiv er det likevel naturleg å prioritere kartlegging og oppfølging av leveransar som heilt eller delvis har opphav i land utanfor Schengen, i tillegg land som er vurderte til høg risiko basert på globale indeksar, mellom anna ITUC Global Rights Index, Corruption Perceptions Index, Global Freedom Index og indeksar for moderne slaveri og sårbarheit.

Country	Global Rights	Corruption Perceptions	Global Freedom	Slavery Prevalence	Slavery Vulnerability	No. of suppliers
Norway	1	81	98	0,5	1	360
Sweden	1	80	99	0,6	7	2
Germany	1	77	93	0,6	11	2
Poland	3	53	80	5,5	19	1
Irland	1	76	97	1,1	9	1
United Kingdom	4	70	91	1,8	14	4
Netherlands	2	78	97	0,6	6	2
Turkey	5	31	33	15,6	51	1
		<b>Low</b>	Free	<b>Low</b>	<b>Low</b>	
		<b>Medium</b>	Partially free	<b>Medium</b>	<b>Medium</b>	
		<b>High</b>	Not free	<b>High</b>	<b>High</b>	

The index rates the world's worst countries for workers by rating 139 countries on a scale from 1-5 based on the degree of respect for workers' rights.

The Corruption Perceptions Index (CPI) is the most widely used global corruption ranking in the world. The Corruption Perception Index by Transparency International is licensed under CC-BYND 4.0

Freedom House rates peoples access to political rights and civil liberties in 210 countries and territories through its annual Freedom in the World report.

Estimated share of the population living in modern slavery per thousand people. The Global Slavery Index (GSI) is published by Walk Free. It provides national estimates of modern slavery for 160 countries.

Vulnerability to modern slavery, out of 100. The Global Slavery Index (GSI) is published by Walk Free. It provides national estimates of modern slavery for 160 countries.



Fjord1 er også medlem av Incentra som er ein innkjøpsorganissjon for norske reiarlag. Incentra inngår avtalar på vegne av medlem i samvirket. Før ein eventuell avtale vert underteikna må alle leverandørar gjennom ei kvalifisering for å bli leverandør til Incentra. Her må også leverandørane kvalifisere seg innafor ei rekke krav, som å respektere menneskerettar, tryggleik og miljø, samt å motarbeide korrupsjon. Kriteria menneskerettar, anti-korrupsjon, forretningsetikk, transport og emballasje for å nemne nokre, må vere på plass før ein avtale kan signerast.

Alle medlem av Incentra gjennomfører ei leverandørevaluering kvart år for å sikre tilbakemelding til Incentra på dei leverandørane dei nyttar gjennom året.

Vidare samlar Incentra inn informasjon frå deira leverandørar kvart år. Eigenrapporteringa er basert på UN Global Compact og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv og er i tråd med prosessen for aktsemdvurderingar som vert kreve i Openheitslova. Incentra har fått Factlines Verifiseringsmerke for Openheitslova.

Datainnsamlinga gir grunnlag for å vurdere om det er etablert god praksis for å overhalde Openheitslova.

## Aktsemdvurdering

I arbeidet vårt med openheitslova og aktsemdsvurderingar nyttar Fjord1 den digitale løysinga og tenestene frå *Factlines*. Dette er eit norskeigd og uavhengig selskap med særleg kompetanse på oppfølging av etiske, sosiale og miljømessige krav i leverandørkjeder. Selskapet leverer rådgjeving og digitale verktøy som legg til rette for effektiv og sporbar innhenting av informasjon direkte frå leverandørar

og underleverandørar. Ved hjelp av Factlines gjennomfører Fjord1 årleg informasjonsinnhenting frå leverandørane våre gjennom eigenrapportering.

Spørsmåla i rapporteringa omfattar krav i FN's Global Compact, leverandørane si innsikt i eiga verdikjede og praksis for oppfølging, samt deira vurderingar av risiko knytt til brot på etiske retningslinjer i aktuelle produksjonsland. Informasjonen som blir samla inn, gir grunnlag for å vurdere om det er etablert god praksis for å etterleve Openheitslova og Fjord1 sine eigne kontraktskrav.

Leverandørane våre er forplikta til å sikre ansvarleg praksis i eigen produksjon, eigne innkjøp og leveransar. Dersom eigenrapporteringa eller andre indikatorar avdekkar avvik, blir desse følgde opp gjennom dialog med leverandøren. Avhengig av omfang og risikonivå kan avvika føre til etablering av konkrete forbetringstiltak eller prosjekt i samarbeid med leverandøren og andre relevante aktørar i verdikjeda.

I tillegg har Fjord1 i sin risikoanalyse valt å vurdere ut frå bransje for å kartlegge moglege negative konsekvensar for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Kriteria for å velje er basert på kor vidt desse kan medføre store konsekvensar for enkeltpersonar og/eller grupper av menneske.

Gjennom erfaring og tilsyn har vi prioritert følgjande risikoar som vi skal vurdere i dei ulike kategoriane:

- Forureining eller ulykker.
- Barnarbeid.
- Låge lønningar som ikkje dekkar grunnleggande menneskelege behov.
- Overdriven bruk av overtid.

Vi tek utgangspunkt i våre næraste leverandørar der vi har sterkast tilknytning og mest påverknad. Dette grunnjev vi i forholdsmessigheit og har difor halde fram med å prioritere dette.

## Metode

I risikovurderinga har Fjord1 teke utgangspunkt i observasjonar og erfaringar frå omvisingar hos leverandørane i samband med møteverksemd, leverandørrevisjonar og generelle oppfølgingsmøter. Desse aktivitetane har gitt innsikt i leverandørane sine arbeidsfohold, rutinar og praksis, og har vore eit viktig supplement til anna innhenta informasjon.

Fjord1 har til no nytta ei eigenutvikla "*Integrity due diligence-undersøking*" som del av arbeidet med leverandør oppfølging. Med auka krav til systematikk, dokumentasjon og etterprøving etter Openheitsloven, er det vurdert som føremålstenleg å gå over til ei standardisert og profesjonelt forvalta digital løysing for aktsemdsvurderingar.

Digitale løysingar for aktsemdsvurderingar er utforma i samsvar med OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv og FN sine rettleiade prinsipp for næringsliv og menneskerettar. Dette gir eit tydeleg og anerkjent rammeverk for å oppfylle pliktene etter Openheitslova § 4, og sikrar betre samanheng mellom kartlegging av risiko, prioritering, tiltak og oppfølging.


Ei slik løysing gir betre grunnlag for styring og kontroll, gjennom strukturert dokumentasjon, etterprøving og oversikt over identifisert risiko og iverksette tiltak. Dette styrkar verksemda si evne til å vise etterleving overfor tilsynsmyndigheiter og andre interessentar, i tillegg

til å redusere risiko knytt til mangelfull eller personavhengig praksis.

I innkjøpsstrategien legg bruk av digitale verktøy til rette for meir einsarta kravstilling overfor leverandørar, betre kvalitet på risikovurderingar og meir målretta oppfølging der risikoen er størst. Dette bidreg til effektiv ressursbruk og styrka leverandørdialog.

Som grunnlag for den årlege utgreiinga etter Openheitslova § 5 gir ei digital løysing betre støtte for å dokumentere prosess, funn og tiltak på ein strukturert og påviseleg måte. Overgangen til ei standardisert digital løysing styrkar difor både kvaliteten i aktsemdsarbeidet og truverdet i den offentlege rapporteringa.

Som del av arbeidet med aktsemdsvurderingar har Fjord1 valt å gjennomføre kartlegging av leverandørar i fleire fasar. Selskapet har over 1 500 leverandørar i porteføljen, med stor variasjon i størrelse og leveranseomfang. Ei stegvis tilnærming er vald for å sikre ei risiko-basert og føremålstenleg prioritering av ressursar.




### Eigenrapporterings skjema

Fase 1 blei satt i gang ved å sende eit sjølvrapporterings skjema til 372 leverandørar. Desse leverandørane er hovudsakeleg lokalisert i Europa og Tyrkia. Utvalet som mottok spørreskjemaet utgjer totalt 90,9 prosent av Fjord1 si totale anskaffelseskostnadsbase for varer og tenester i 2025.


Av de 372 leverandørane, 255 leverandørar, tilsvarande 69 prosent, fullførte undersøkelsen, mens 13 leverandørar, tilsvarende 3,5 prosent, begynte å svare. Gjennomsnittspoengsummen i undersøkinga var 84 av på 100, noko som indikerer eit generelt høgt nivå av etterleving og modenheit blant leverandørane som svarte.

Fjord1 si samla vurdering er at undersøkinga i hovudsak er svara ut på ein open og ærleg måte, og at resultatata gir eit godt og truverdig grunnlag for vidare risikovurdering, prioritering av tiltak og oppfølging i komande fasar av leverandørkartlegginga.

69% responsrate



372 mottakere



1 inactive suppliers

Gjennomsnittlig score for undersøkelsen

**84** /100

## Oppfølging og fornya risikovurdering

I fase 2 av leverandørkartlegginga har Fjord1 gjennomført ei fornya vurdering av risiko hos leverandørane som har svart på leverandørundersøkinga. Vurderinga er basert på innsendt eigenrapportering, samla risikoscore og leverandørane sine eigne vurderingar av risiko knytt til menneskerettar, arbeidsforhold, helse, miljø og tryggleik.

På bakgrunn av dette vart det utarbeidd og sendt konkrete oppfølgingsspørsmål og tiltak til leverandørar som sjølv har vurdert risikoen som kritisk, høg eller middels. Tiltaka er tilpassa identifiste risikoområde og skal bidra til å styrke leverandørane sine rutinar, praksis og oppfølging i tråd med gjeldande krav og forventningar.

I tillegg til leverandørane som vart følgde opp på bakgrunn av egenrapportert risiko, har Fjord1 gjennomført ei særskild vurdering av alle leverandørar innan innkjøpskategoriene verft og reinhald. Desse kategoriene er vurderte som risikoutsette, og er difor prioriterte for nærare oppfølging uavhengig av risikoscore i undersøkinga.

## Kontinuerlig oppfølging av korrigerende tiltak

Fase 3 er ein pågåande og kontinuerleg del av Fjord1 sitt arbeid med aktsemdsvurderingar, og vert gjennomført fortløpande gjennom heile året. I denne fasen har Fjord1 fokus på systematisk oppfølging av implementering og effekt av korrigerande tiltak hos leverandørar der det i tidlegare fasar er identifisert risiko eller forbetningsbehov.

Oppfølginga skjer gjennom kontinuerleg dialog med leverandar, innhenting og vurdering av dokumentasjon, samt vurdering av framdrift og resultat knytt til dei tiltaka som er sette i verk. Der det er nødvendig vert leverandørane bedne om utfyllande informasjon eller ytterlegare presiseringar for å sikre tilfredsstillande etterleving og forståing av krav

og forventningar.

Den kontinuerlege oppfølginga i fase 3 bidreg til å sikre varig forbetring, læring og vidareutvikling av praksis i leverandørkjeda, og er ein sentral del av Fjord1 sitt pågåande arbeid for å redusere risiko knytt til menneskerettar, anstendige arbeidsforhold, helse, miljø og tryggleik.



## Oppsummering

Fjord1 har gjennomført ei vurdering av totalt 255 leverandørar som del av arbeidet med aktsemdsvurderingar. Av desse er 71 leverandørar vurdert nærare gjennom forsterka evaluering. Ein leverandør er vurdert til å ha høg risiko for brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold.

I vurderinga av risiko knytt til verft har Fjord1 vurdert til saman 21 leverandørar. Av desse er 17 vurderte til låg risiko, tre til middels risiko og ein til høg risiko. Det er oppretta totalt 14 oppfølgingsaker i denne kategorien. For reinhaldstenester har Fjord1 vurdert til saman 10 leverandørar, der alle 10 er vurderte til låg risiko. I denne kategorien er det oppretta totalt fire oppfølgingsaker.

Vidare har Fjord1 vurdert 34 leverandørar som i eigenrapporteringa har vurdert seg sjølve til middels risiko. Desse leverandørane er etter ei samla vurdering framleis klassifiserte som middels risiko. I denne kategorien er det oppretta totalt 90 oppfølgingsaker.

Fjord1 har ikkje avdekt faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Det er likevel sett i verk tiltak og etblert oppfølging der det er vurdert som nødvendig, mellom anna på bakgrunn av mistanke om at det kan liggje ytterlegare risiko lengre ut i leverandørkjeda. Fjord1 legg til grunn at det i innkjøpskategori-ane verft og reinhald kan vere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i delar av leverandørkjeda.

Som del av risikovurderinga har Fjord1 nytta egne teknisk inspektørar til å melde tilbake om forhold og praksis ved verft som vert nytta jamleg. Tilbakemeldingane frå inspektørane er at helse, miljø og tryggleik vert teke på alvor, og at dette og omfattar underleverandørar. Samtidig er det observert at det i enkelte tilfelle kan vere manglande kunnskap om korrekt utføring av arbeid.



Dersom mannskap eller teknisk inspektør observerer brot på HMS under opphald ved verft, vert dette meldt tilbake til verftsleiinga. Erfaringa er at leiinga følgjer opp og rettar opp forholda. Det er ikkje observert bekymringsverdige forhold ved norske verft det siste året.

## Tiltak

Som del av Fjord1 sitt arbeid med aktsemdsvurderingar etter Openheitsloven nyttar selskapet ekstern fagkompetanse der risikoen for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er vurdert som høg. For oppfølging av leverandør i Tyrkia har Fjord1 engasjert ein ekstern samarbeidspartnar som gjennomfører uavhengig kontroll og oppfølging av arbeidsforhold ved verft der Fjord1 har identifisert auka risiko. Oppdraget omfattar mellom anna gjennomføring av arbeidsmiljørevisjonar, dokumentgjennomgang, stadlege observasjonar, og intervju med arbeidstakarar i tråd med internasjonal standard for arbeidstakarrettar.

Gjennom revisjonen er det vurdert forhold knytt til mellom anna styringssystem, barnarbeid, tvangsarbeid, organisasjonsfridom, diskriminering, disiplinærpraksis, arbeidstid, løn og godtgjerse, samt helse, miljø og tryggleik. Resultata frå revisjonen er dokumenterte i ein strukturert rapport med risikovurderingar, funn og anbefalte korrigerande tiltak, inkludert ein eigen tiltaksplan med ansvar og fristar.

Fjord1 nyttar funna som grunnlag for vidare dialog og oppfølging med leverandøren. Der det er avdekt forbetringsbehov, vert det stilt krav om korrigerande tiltak og dokumentert oppfølging. Oppfølginga skjer fortløpande, og status på tiltaka vert vurdert som del av Fjord1 sitt kontinuerlege aktsemdsarbeid.

Bruken av ekstern aktør bidreg til å styrke kvaliteten, truverdet og etterprøving i Fjord1 sitt arbeid med leverandør oppfølging i høg-risikoland, og er eit viktig verkemiddel for å redusere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda.

Fjord1 har tatt riktige steg mot å utvide aktsemdsvurderinga til å omfatte større del av leverandørkjeda med potensiell høgare risiko.

Vi vil halde fram med å førehandskvalifisere leverandørar med fokus på berekraftig innkjøp som ein del av vår overordna internkontroll.

Kravet om å signere både Eigenerklæring HMS og Eigenerklæring for Samfunnsansvar vil framleis vere eit absolutt krav frå oss.

Eigenerklæring HMS og Eigenerklæring for Samfunnsansvar er oppdatert i 2025 og det er innhenta oppdatert signering i kategoriane verft og reinhald.

Aktsemdsvurderingane vil bli utført regelmessig basert på kunnskap vi tileignar oss etter kvart som vi arbeider med dette emnet.

## Varslingskanal

Fjord1 sin varslingskanal finn ein på våre heimesider der ein kan melde frå på ein god måte. Under er lenke til denne varslingskanalen.

[Openheitslova - Fjord1](#)

Styret i Fjord1 AS

Florø, 30.06.2026




Neil Marvell  
Styremedlem




Julia Collin Delavaud  
Styremedlem



Angela Roshier  
Styremedlem




Antonie Cavallé  
Styremedlem



Geir Bruvik Mjelde  
**Administrerende direktør**  
**Fjord1 AS**



Eric Nasby  
Styremedlem



Mai Lis Hvitsand  
Styremedlem  
(Tilsetterepresentant)



Martha Kold Monclair  
**Styreleiar**



Morten Falkanger  
Styremedlem  
(Tilsetterepresentant)